Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding Ørsta idrettsråd

For perioden 01.01.2018 – 12.06.2019

Årsmøtet i 2018 vart halde i klubbhuset til Åmdal IL den 23. mai.
Styret i Ørsta idrettsråd i siste periode:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Siri Dahl Masdal	Vartdal TIL
Kasserar	Kjell Jack Brautaset	Åmdal IL
Skrivar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Silje Aune Tvergrov	Sæbø IL
1. vara	Thomas Riis	Sunnmørsk klatreklubb
2. vara	Caroline Rudi	Hovdebygda IL

Revisorar:

Kristin Woldsund	Vartdal TIL
Wenche Flo	Vartdal TIL
Vara: Bente Ørsal	Ørsta IL
Vara: Line Tonheim	Åmdal IL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Vara: Svein Erik Grevsnes	Åmdal IL

Valnemnd:

Margrete H. Øyehaug (leiar)	Ørsta ride- og køyreklubb
Magne Jonny Krumsvik	Ørsta IL
Richard Olsen	Åmdal IL
Vara: Siw Bjørdal Lillebø	Sæbø IL

Representantar til styret i Ørsta idrettspark AS:

Gunnar Knutsen	Ørsta IL
Vara: Jon Helge Bjørndal	Vartdal TIL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 22 medlemslag med til saman 4121 medlemmer, litt auke frå 4051 året før.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2018 kr. 791 804 (kr. 725 370 i 2017) til fordeling mellom medlemslaga. Dette er ny rekord! Styret gjer denne fordelinga etter NIF sine føringar og ut frå tidlegare

tildelingar og opplysningar frå idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2017: kr. 50 000
2018: kr. 45 000
2019: kr. 45 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten: fekk kr. 69 000 i kulturtilskot i 2017 (kr. 80 000 i 2016).
2017: kr. 69 000
2018: kr. 56 000
2019: kr. 50 000

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar er Ørsta idrettsråd (51 %) og Ørsta kommune (49 %).
Selskapet har vore aktivt med på prosjektering av Ørstahallen, og seinare hatt som hovud-oppgåve å investere i utstyr til denne. Midlane til selskapet kjem frå næringslivet og kommunen.

Nye Ørstahallen

Grunnarbeidet til den nye Ørstahallen tok til sommaren 2017. Den 27. januar 2019 var det opningsfest i hallen.
Fleirbrukshallen er på nær 8500 m^2. Den har tre speleflater for hallidrettar, klatrehall med vel 15 meter høgde, friidrettsanlegg, styrkerom, treningsrom, 10 garderobar m.m. Ørsta IL leigar klubblokale i andre høgda.
Hallen er svært godt planlagd, i samråd med brukarane. Dette er ein nær perfekt fleirbrukshall!

Idrettsanlegg på Vartdal

Den nye kunstgrasbana var klar til haustsesongen i 2018. Formell opning av bana var 4. mai 2019. Neste byggetrinn er klubbhus/service-bygg ved bana.

Hestesporten

Hestesporten i Ørsta har hatt mellombelse anlegg sidan 1987! Den 8. mars signerte hestesporten leigeavtale med kommunen om areal på Mosflata. Dei skal disponere 20 mål til ridebane, ridehall, stall/service-bygg. Første byggetrinn vert hall.
Kommunen skal opne for massedeponi på Mosflata, for å løfte grunnen om lag 1 meter (flaumfare). Inntil vidare kan hestesporten nytte den nye utstillingsplassen som opna i vår.

Styrearbeidet i perioden

I tillegg til styremøte har styret god kommunikasjon gjennom e-post og telefon. Mykje av styrearbeidet i perioden var prega av prosessen knytt til fleirbrukshallen.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Skriftlege innspel til kommunen:
Rullering av handlingsprogrammet i «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet».
Fleire innspel om hestesport på Mosflata.
Innspel til «Kommunedelplan levekår».

Idrettsrådet var godt representert i den første utvida hallnemnda for tildeling av halltid i Ørstahallen.

Idrettsrådet var også representert under kretstinget i Molde april 2018, og i regionale sonemøter med idrettskretsen på hausten.

Medlemsmøte i perioden

8. mars 2018: om handlingsprogrammet i «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet».
13. desember 2018: om Ørstahallen.

Status for idretten i Ørsta

Det er stabile medlemstal for idretten i Ørsta kommune. Her er mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Den største idretten er fotball.
I samband med den nye Ørstahallen har vi allereie fått tre nye idrettar i kommunen: innebandy, turn og bordtennis. Og ikkje minst, klatresporten har fått eit flott anlegg under tak.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Etter mange magre år går det no rette vegen. Det neste store prosjektet er ny symjehall, inntil Ørstahallen. Prosjekteringa har starta!

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Avslutning

Styret i Ørsta idrettsråd ønskjer med dette å takke for samarbeidet med medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Vi vil også takke næringslivet for den gode støtta til idretten, og Møre-Nytt som skriv mykje godt om idretten i kommunen.

Ørsta, 10. juni 2019

Erlend Andersen
leiar

Siri Dahl Masdal
nestleiar

Kjell Jack Brautaset
kasserar

Tone Jøssang
skrivar

Silje Aune Tvergrov
styremedlem